

Uttale frå årsmøtet i Besteforeldrenes Klimaaksjon 2026

Noreg må satse mykje meir på fornybar omstilling

Besteforeldrenes klimaaksjon er svært bekymra over at Noreg som nasjon gjer for lite for å bremse klima-og naturkrisa.

Noreg har redusert utslepp av klimagassar med berre 13 % samanlikna med 1990, og vi er det landet i Europa som byggjer ned mest natur pr. innbyggjar. Verda sin overforbruksdag i Noreg var 16. april i 2025, og vårt samla energiforbruk er i verdstoppen. Dette skjer trass i at global oppvarming snart passerer 1,5 grader, og at forskarar og miljøorganisasjonar både nasjonalt og internasjonalt, har slått alarm i lang tid.

Noreg må omstille både forbruk og energiproduksjon.

Noreg hadde 22 Twh overskot i kraftproduksjonen i 2025. Vi har ikkje energikrise, men fortsatt er 45 prosent av den totale energibruken i Noreg fossil. Vi kan bli kvitt det meste av vår fossile energibruk med elektrifisering, sparing og effektivisering, og med å byggje ut meir fornybar energiproduksjon med lite naturtap: Grunnvarme og sjøvarme - oppgradering av vasskraft - gjenbruk av spillvarme frå industri og datasenter - solfangarar og varmelagring i fjellgrunn - forsvarleg utbygging av havvind. Mykje av dagens straumforbruk går til oppvarming, og det kan i stor grad bli erstatta av vannbåren varme frå fornybare kjelder. Vi kan på denne måten også sikre eit framtidig kraftoverskot.

Fornybar omstilling må følgast opp med demokratisk styrt tildeling av energi til bedrifter og samfunnsnyttige formål.

Næringslivet har stor kompetanse og vilje til omstilling, og lokale energiltak utgjer allereie mange arbeidsplassar. Storting og regjering må prioritere kor mykje energi som skal gå til elektrifisering av oljeinstallasjonar og datasenter i forhold til anna lokalt næringsliv som står i straumkø og ventar på vidare satsing og drift.

Noreg har eit spesielt ansvar for å omstille oss først, og vi har svært dårleg tid.

Noreg er eit av dei rikaste landa i verda og har store ressursar og god evne til omstilling. Klimaendringane forårsakar allereie store øydeleggingar, og det er avgjerande for framtida til våre etterkomarar at vi satsar for fullt på fornybar omstilling bort frå fossil energibruk.

BKA Trondheim lokallag

Hans Kristian Solbu.